

herligheter dette mektige naturskjønne fjellparti hadde å by all trøndersk ungdom. Støtt og stadig ruslet han på kryss og tvers derinne i heimen til alle årets tider, og mangen en dyst har han hatt med storm og snørokk; men som den glimrende fjellkar han var, holdt han alltid stø kurs og bragte seg og sitt følge sikkert i hus.

Han var Turistforeningens frivillige utsending derinne i heimen når nye hytter skulde bygges, nye ruter og vardinger legges og han var elsket og æret av de mange bygdefolk som han i årenes løp kom i berøring med.

Olaf Grilstad var i ordets beste forstand en gentleman og personifikasjonen av en sund sjel i et sunt legeme.

For sine fortjenester av Trondhjems Turistforening ble han på sin 60 års dag utnevnt til dens æresmedlem.

I sitt 81. år gjorde han sin siste runde gjennom Trollheimen og sa vel da farvel til det elskede rike.

*Fridthjov Brun.*

## *Frå Folldal gjennom Setalskaret til Kvikne*

*Av Ivar A. Streitlien.*

Høgfjellet har alltid hatt ei dragande makt på mannasinet. Dei høge blåe toppane lokkar og dreg, og dei store fjellviddene fører ein inn i ei onnor verd, fri frå mas og strev og triste tankar. Slik er det, og slik har det vore.

Frå eldgamle tider leita ferdamenn seg fram frå landslut til landslut. Sermerkte fjell og vatn og elvar fekk sikre formbundne namn, så ferdamannen kjende seg trygg på leida når han hadde høyrte namnet og såg fjellet eller vatnet framføre seg. Ein slik vegvisar er t.d. Tron i Østerdalen. Namnet tyder helst galteryggen, og fjellet minnet også om ein galterygg same kva kant ein ser det frå.


Mange av namna kan språkgranskarane ikkje gi oss nokor tyding på avdi dei skriv seg frå langt attende i tida, og samanhengen er kome burt. Vi brukar namna til dagleg utan å merke den framande klangen og utan å tenke etter kva som er opphavet.

På ein fjelltur møter ein mykje av interesse, og vi skal no ganske raskt følge ein eldgamal farveg frå Gudbrandsdalen over Dovrefjell til Trøndelag. Somt av det vi møter, skal vi sjå noko nærare på, men det meste lyt vi nok fare forbi.

Frå Tofte på Dovre gjekk vegen austover til ein når Folla, følger så denne til Rydningsøya øvst i Folldal. Her har ein jeger skote bort ein pilespiss for seg i Merovingertida (600—800 e. Kr.). Denne vegen kom også Sigmund og Tore Bresteson hausten 978 da dei skulde til Håkon jarl på Lade, og i Torberdalen ved Borkhus råka dei Torkel Turrfrost. Etter saga budde dei her i 6 år.

I Furuhovde er det attgløymd 2 sverdknivar frå Merovingertida. Desse er stridsvåpen. Elles er det funne fleire pilespissar frå Vikingtida (800—1100 e. Kr.).

Vegen gjekk vidare over Kvita og Depla (av dipill = vasspytt)




*Einnuna ved Dølliseter.*

Fot. Ludv. Sivertsen

over skaret til Flåmann (av flå = vid og flat), eit råkande namn på lendet nord-austover til Einunna. Her møter ein interessante avleiringer og merker frå slutten av istida. I burtsmeltingstida drog iskanten seg attende nedover Einunndalen, og mellom isbrea og vass-skilet til Oppdal vart det da ståande bresjøer. Sør for Flåmsetra går vegen over store sand- og grusterrasser som er avsett av ei brelv frå Kakkeldalen gjennom Raudbergskaret. Nord for Elssjøelva ser ein ei strandline 1107 m.o.h. nordover mot Tangleget.

Så over Storbekken og på sørsida av Fonnhø (ein liten sjø nordafor heiter Fondin). Tydinga er uviss. Her såg 'n Gamal-Bersvend Bersvendhaugen eit stort brurfølge eingong. Det var Finnshøkongen (frå Finnshø ved Marsjøen) som skulde til Tolleivshaugkyrkja (ein bergnabb i Grimsdalen) for å halde bryllup. Det var noko lang kyrkjeveg, men slike karar tok seg fort fram over fjell og flyer. Eit drusteleg følge var det i alle fall slik som det høver seg ein konge.

Elva Einunna heiter i Opdal Unna som kjem av verbet une = trivast, og det er triveleg nordover Unndalen med den fine dalbotn



*Dølliseter med Finsbø og Gia i bakgrunnen.*


fossen i Nedre Follidal, for her er det nifst å fare.

Vi rusler opp bakken til Døllisetra. Her kvilte gudbrandsdølene, og det var så mange av dei og så ofte for dei at dei la etter seg namnet sitt. Kor lenge det er sidan, er det ingen som veit, men namnet fortel at bjørkeskogen stod frodig og tett truleg eit godt stykke høgre opp i fjellsida enn dit setrane nå ligg.

Litt opp for setra på ein liten sandhaug som frå gamalt er vorte kalla Underjordshaugen avdi det spøkte der, er det gjort eit interessant gravfunn frå Merovingertida. Truleg har det vore ein gravhaug, men sandhaugen har med tida blåse burt slik at da Sivert Sæter i 1927 gjekk over haugen, kjende han noko kvast og hardt som tok inni eine skoen. Det synt seg å vera odden av eit sverd som var bøygd i ein halvsirkel, og inni dette rommet låg 8 pilespissar, 2 knivar, spjutspiss, rasp, fil, meisel, selt, eit sverd og noko brende bein.

Nokor busetting kunde det umogleg vera på den tida så høgt over havet, 1105 m. Ein må helst tru at ein ferdamann, kanskje ein hovding, har dødd på ferda mellom Trøndelag og Gudbrandsdalen og så er vorte gravlagt her. Merkeleg er det også at folkeminnet har hatt ei kjensle av at det var noko sers med denne haugen.

Nordover frå Småbakkane til Setalskaret har ein mange merker etter bresjøen. Litt høgre enn Småbakkane, 1023 m.o.h., er det ein stor sete. Det er ei sidemorene som samstundes har vore elfefar. Isbrea har vorte ståande her, og brevatnet rann ut langs kanten mot Setalskaret. Mengdevis av store flyttblokker ligg på seten. Når



Stornapsjø i Kvikne.

Fot. Kjell Christensen

så isbrea drog seg attende til Markbulisetra i Einunndalen, vart Setalskaret heilt isfritt, og bresjøen rann ut gjennom skaret. Ein har fleire merker etter denne nedskjeringa frå sidemorena til høgda på vass-skilet — oml. 1000 m.o.h. — Til Setalskar-bresjøen svarer strandlina som ligg neafor setervangane på Småbakkane, og lenger aust over Einunndalen den fine seten frå Mælkampen til Hussetra. I botn av bresjøen vart det avsett fin sand eller kvabb.

Nordafor vass-skilet til Orkla har ein berre merker etter dei store vassmengdene som ein gong rann ut frå bresjøen. Det er avvaska fjellgrunn, mengdevis av store kantete flyttblokker serleg ved Setalsjølisetra, sand- og grushauger eller større terrasser slik som mot Kongsbekkleget.

Hit var det vel Torkel Turrfrost i 984 følgde Sigmund og Tore da dei drog vidare til Lade. Han synte dei Orkla dal, heiter det, og det kan høve godt frå vass-skilet i Setalskaret. Når dei så nådde Orkla, så var leida greid heilt fram. Her kvilde dei og fortalde kvarandre livssogene sine før dei skildest.

Her kom vel også birkebeinarane med kongssonen Håkon Håkonson om vinteren 1206 da dei rømde unda baglarane frå Hamar til Trøndelag. Dette følget kom opp Sollia over Follidal til Setalskaret. Vegen har vore bruka og kjend i lange, lange tider, så det var ingen ukjend fjellveg dei tok ut på.

Eit anna minne som går lengar attende enn noko av dei vi har nemnd før, er namnet på det store fjellet på austsida av Setaldalen, nemleg Gia eller som det ofte heiter i Follidal Ia med tostavings tonelag, og i dativ Jiun. Skal ein søke opphavet til dette rare namnet, må ein nok lenger attende i tida enn til Merovingertida som er den eldste tidbolken vi til no har nemnd. Namnet tyder truleg snøfjellet, og det blir da nærskyld med gresk der snø heiter «kjion» eller armensk der snø heiter «jiun», som er dativforma til Ia.

Naturleg sett er tydinga av Ia til Snøfjellet heilt god. Ia er 1641 m. h. og høgste fjellet på lang leid. Ein må heilt til Rondane og Snøneuta eller fjella vest for Oppdal, til Tron i Østerdalen eller Forelhogna på Rørosvidda for å finne fjell av like stor høgde. Av alle fjella vidt ikring er det Ia som først fær kvithatten på om sommaren og hausten, og der ligg også snøen lengst om våren.

Reint språkleg er det heller ingen ting i vegen for at det armenske ordet «jiun» er vorte ståande omlag ubrigda. Det var ikkje noko større som kunde brigdast i eit så stutt ord.

Kor lenge det er sidan Ia var til dåpen, er det uråd å ha nokor meining om. Ein kunde skyte på at farande folk i Bronsealderen (2000—500 f. kr.) kjende det turvande å få eit råkande namn på denne vegvisaren.

Så nokre tusen år seinare kjem gjætatarar med krøttera sine og leitar seg fram til dei grasgrøne sløgdene rundt Ia. Det blir leger med ei lita oppmura gjætardu frammed ein stor stein eller i ein jordbakke. Namn som Kongsbekkleget, Karigutlegret, Gløtlegret o. fl. fortel om desse. Gardbrukarane kjem seinare etter med krøttera sine, bygger seg setrar, og ligg her med folk og fe nokre stutte men herlege sommarmånader. Byfolk og andre nerveslitne moderne innstilte menneskjer finn vegen etter innover viddene for å samle kraft og mot til det rastlause jaget som ventar ein neste lange og kalde vinter.



*Svergja i Kvikne.*

Fot. Einar Wold

Skal ein så vidare til Trøndelag, gjeld det om å koma vel forbi eller over Orkla. Ein kan ta over ved Aalbusetra der vegen no går, eller ein kan følge den gamle vegleida på nordsida av Ia om Støen-setra og gå over anten ved Øvre eller Nedre Dølvadet. Denne leida har finaste lendet med lange turre grusterrasser. Her gjekk nok vegen gamalt attende. Namnet Dølvadet er sikkert frå same tid som namnet Døllia (no Døllisetra). På nordsida av Orkla var det meire myrlende og ulende.

Dei gjekk så over ved Stor-Innsjø der det er funne ein gravhaug men utan daterbare ting. Frå Kvikne har ein gravfunn som fortel om fast busetting i Folkevandringstida (400—800 e. kr.). Elles har Kvikne ei mengd gravhaugar frå Vikingtida (800—1100 e. kr.). Litt sør for Yset var så den siste overgangen over Orkla, og sidan kunde ein halde seg på nordaust-sida av elva. Nordanfor Yset er det berre ein stad det går an å koma over Orkla nemleg ved Brevad. Her har

det vore veg over frå gamal tid for pilegrimane som kom frå Oppdal og skulde til Nidarosdomen. Namnet tyder beint fram det «breide vadet».

I Håkon Håkonsons saga står det at birkebeinarane på fjellet over til Trøndelag vart ute for styggver og kom på avvegar. Truleg har det vore mellom Setalskaret og Stor-Innsjø. Dei har så kome inn i dalen til Reinsbekken og følgd denne frå Stor-Innsjø til vassskilet mot Garåsjøen. Overgangen til Garåa er heilt umerkande og dertil er det heilt samanhangande dalgang til Garåa som dei så følgde ned til Orkla og vidare ned til Næverdal som den gongen heite Nafardal. Denne staden er nemnd i saga og må helst kunna stadfestes til Næverdal i Kvikne.

Når vi så i solblanke sommardagar følger denne gamle ferdevegen mellom Follidal og Kvikne, lar vi i tankane dei merker og minner som vi møter på vår veg, tale til oss om andre ferdamenn som har følgd same ruta om kanskje i anna ærend enn vi. Vi kjenner eit lite pust av den ubrytelege livsstraumen frå ættledd til ættledd. Og dei gamle fjella som er likeins i dag som for tusen av år attende, gir oss ein annan pust av det evige i livsgangen. Tankane løftes opp over kvardagsstrevet mot det evige i tilværet. Da vil fjellturen bli dobbelt verdfull for oss.

*Ivar A. Streitlien.*